



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Florø, Øklandbygget - Skongenes 4. etg.
Dato:	01.02.2024
Tid:	Kl. 15:00 - 18:45

Følgjande medlemmer møtte

Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Mats Brunsvik	Kinn H
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V

Forfall

Sidsel Fænn Kongsvik

Parti

Kinn SP

Varamedlem

Jan Arve Midtbø

Parti

Kinn SP

Andre som møtte:

Hanna Folgerø-Kirkeeide, ungdommens kommunestyre
Vilde Johannesen, ungdommens kommunestyre

Møtenotater:

Kl. 15.45 Erstatte Doris Christensen (Ap) Ola Teigen.
Kl. 16.00 Erstatte Anne Marit Seljeseth (V) Jacob Nødseth.

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen
Rolf Bjarne Sund
Linda Nipen
Norunn Stavø
Runa Nybakk
Oddgeir Nygård
Mona Ødegård Standal
Sithara Mahaboob

Orienteringar:

Kommunedirektøren orienterte om møte med Kystverket om tildeling av steinmassar. Kommunedirektøren har gitt tilbakemelding til Kystverket at Kinn kommune ynskjer at Kystverket fordeler tunnellmassar, etter kva prosjekt som har godkjenningar etter Plan- og bygningslova og som gjev høg samfunnsnytte. Kinn kommune har gjennom synfaring, dokument og innsikt i næringsperspektiva gitt informasjon om prosjekta saman med næringsaktørane.

Kommunedirektøren orienterte om dialog med Vestland fylkeskommune omkring

spelemidlar som er trekt tilbake. Etter dialogen fråfell Vestland Fylkeskommune krav om tilbakebetaling av spelemidlar som gjeld leikeanlegg.

Florø, 06.02.2024
Bengt Solheim-Olsen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
008/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/24	Spørsmål
010/24	Godkjenning av møteprotokoll
011/24	Refererte skriv og meldingar
012/24	Gebyrsatsar 2024 renovasjon
013/24	Utlysing av ny konkurranse for hovedbrannstasjon i Florø
014/24	Innspel til Mobilitet Sunnfjordregionen - innspel frå Kinn kommune
015/24	Søknad om fritak frå eigedomsskatt for 2024 etter § 28
016/24	Intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon
017/24	Interpellasjonar
018/24	Eigedomsskatt fritakliste 2024 etter §7a
019/24	Gjenopning av kjøkken i Måløy
020/24	Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a - Svanøy Stiftelse
021/24	Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a - Vestland fylkeskommune
022/24	Klage – enkeltvedtak – unnateke offentlegheita jf. Off.lova §13 1.ledd, fvl.§13 1.ledd nr. 1 – sak utsatt



Saksnr.	Utval	Møtedato
008/24	Formannskapet	01.02.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

FORM- 008/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:


Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

FORM- 008/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
009/24	Formannskapet	01.02.2024

Spørsmål

FORM- 009/24 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Spørsmål v/Daniel Henriksson, Raudt:

1. NOMIL og planene med å legge ned gjenbruksstasjonen i Vedvik

For noen uker siden kunne vi lese i Fjordenes Tidende om NOMIL sine planer på sentralisering av gjenbruksstasjoner. For Kinn sin del betyr det at gjenbruksstasjonjen i Vedvik vil bli lagt ned. Ny lokalisjon er ikke bestemt, men Bryggja er nevnt.

1. Hva meiner ordfører om denne sentraliseringa som gjør at Kinn mister gjenbruksstasjon i nordre del av kommunen?
2. Hva har ordfører gjort overfor NOMIL for å få informasjon om planene og hva er gjort for å sikre at innbyggerne i Kinn kommune sine interesser blir tatt vare på i den videre prosessen?

Svar frå ordførar:

No er det ein pågåande prosess i Nomil om korleis gjere dette i framtida, og ein av dei tinga ein ser på er om vi skal ha 1 istaden for 3, og det er ein sak som først skal diskuterast i styremøte over helga, også vil det til slutt bli beslutta i generalforsamling. Tenker vi må ha meir kjøtt på beina i saksutgreiinga frå Nomil sjølv, før vi greier å etablere kva som er Kinn sine beste interesser i saka. Kva som gir oss best tilbod, kva som gir best arbeidsforhold, køyretid osv. Eg tenker vi inviterer Nomil til eit formannskapsmøte i god tid før det skal bli beslutta noko.

2. Kommunedelplan for naturmangfold

I disse dager så er det veldig stort fokus på tap av natur i Norge. Heldigvis er det endelig satt søkelys på det. Det viser seg at kommuner som aktivt arbeider med naturmangfold og har det med i planarbeidet, er i større grad flinkere til å bevare og ta hensyn til naturen sine interessen. Kinn kommune burde absolutt ha en kommunedelplan for naturmangfold.

1. Er ordfører enig i at Kinn kommune bør ha en plan for

naturmangfold?

Regjeringen har satt av ekstra midler til kommuner som ønsker å lage plan for naturmangfold. Søknadsfrist for dette er den 10. februar. Det betyr at vi kan gjøre vedtak på førstkommende kommunestyremøte om at vi ønsker en slik plan og at vi da kan søke støtte til den før fristen er ute.

1. Vil ordfører sørge for at sak om plan for naturmangfold og søknad av støtte for dette, kommer på sakslisten på førstkommende kommunestyremøte, den 8. februar?

Svar frå ordførar/kommunedirektør:

1. Eg er einig i at det er bra at Kinn kommune har ein plan for naturmangfold.
2. Vi har kommuneplanen sin samfunnsdel som vi køyrer saman med planstrategien, og det er kommunestyre sjølv som avgjer kva for plana vi skal sette i gang. Vi har ein vedtatt temaplan for klima, berekraft og naturmangfold, også er det opp til kommunestyret om ein vil rulere den. I arealdelen lagar vi eit arealrekneskap, og vi har fått mykje positive tilbakemeldingar frå Statsforvaltaren at vi lagar eit slik rekneskap. Vi prøver å sende inn ein søknad til regjeringen ang naturmangfold.

3. Vedtak som ikke blir fulgt opp

Formannskapsmøte 27.11.23 vedtok i sak 126/23 Referatsaker, at følgende saker skulle til Kommunestyret eller Formannskapet for handsaming:

115/23 – Høyring – forslag om endring i reglene om hvem som kan ansettes i lærerstillinger. Høyringsfrist: 5.januar

117/23 - Høyring - NOU 2023. Omstilling til lavutslipp. Veivalg for klimapolitikken mot 2050. Høyringsfrist: 30.januar

118/23 - Høyring – Ny lov om offentlige anskaffelser. Høyringsfrist 10.februar

119/23 - Høyring – NOU 2023/24 Barneverninstitusjonsutvalet si innstilling «med barnet hele vegen». Høyringsfrist 22.januar

Vedtaket var samrøystes unntatt 118/23 som var mot 2 stemmer (Frp). Ingen av sakene kom til behandling i K-styret sitt møte i desember, eller i formannskapet den 16. januar.

På tre av disse høringene (115, 117 og 119) er fristen allerede ute for å gi uttale, sak 118 vil en rekke å behandle i K-styremøte 8.februar.

1. Hvorfor har ikke vedtaket blitt fulgt opp sånn at vi fikk behandle høringsuttalelsene før fristene?
2. Vil Ordfører sørge for at vedtak blir bedre fulgt opp framover?

Svar frå ordførar/kommunedirektør:

Administrasjonen har per no ikkje nok kapasitet til å prioritere høyringsmerknadar. Administrasjonen kan vurdere å heller legge fram høyringssaker utan innstilling. Høyringsak 118/23 kan handsamast av kommunestyret. Vi må også ha ei bevisst holdning når vi får høyringane som refererte skriv til formannskapet, på kva som er viktig for administrasjonen å prioritere.

Spørsmål frå Ola Teigen, AP:

Vår Energi har overtatt Neptun Energy. Eg har tidlegare våre i kontakt med Vår Energi, men dei ønska ikkje ein samtale med oss før samanslåinga var eit faktum. No er det eit faktum, og eg oppmoda ordføraren til å invitere dei til å komme i formannskapet. Eviny har kjøpt Guleslettene, og det er kjempe positivt at vi får ein offentleg, norsk eigar. Det kan og tenkast at dei har planar om å utvikle området som vi ikkje kjenner til, så å få dei til å kome å snakke om kva planar dei har ville vert veldig interessant.

Svar frå ordførar:

Har snakka med direktøren i Eviny etter oppkjøpet, og vi er enige om at vi skal ha dialog på ein heilt anna måte enn vi hadde med BlackRock.

Når det gjeld Neptun så sendte eg dei ein e-post 25. januar, og sa at vi tek gjerne eit


møte saman i Florø. Dei svarte at dei har veldig mykje internt arbeid no, men ønsker å komme til Florø så fort dei interne prosessane er der at dei er blitt nok Vår Energi, for her var det fleire trinn ut over våren før dei er heilt klar.

Røysting:

Ingen røysting.

FORM- 009/24 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
010/24	Formannskapet	01.02.2024

Godkjenning av møteprotokoll

FORM- 010/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

FORM- 010/24 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Formannskapet - 16.01.2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
011/24	Formannskapet	01.02.2024

Refererte skriv og meldingar

FORM- 011/24 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM- 011/24 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

007/24, Orientering om Skyss sin prosess for årleg ruteendring 2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
012/24	Formannskapet	01.02.2024
005/24	Kommunestyret	08.02.2024

Gebysatsar 2024 renovasjon

FORM- 012/24 Vedtak:

Gebysatsar renovasjon for år 2024 blir vedtatt i tråd med Nomil styre sitt framlegg, dvs 5% auke. Gebyrregulativ blir oppdatert i tråd med dette.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gebysatsar renovasjon for år 2024 blir vedtatt i tråd med Nomil styre sitt framlegg, dvs 5% auke. Gebyrregulativ blir oppdatert i tråd med dette.

Bakgrunn for saka:

Under den ordinære budsjettprosessen 2023 vart det oversendt eit feil gebyrgrunnlag frå Nomil. Kommunestyret i Kinn må no formelt vedta dei nye satsane før ein har heimel til å krevje inn nye gebyr.

Saksopplysningar:

I september tok kommunen i mot ei oversending frå Nomil med dei nye satsane, som då vart lagt inn i kommunen sitt gebyrregulativ og vart sendt til behandling i den ordinære budsjettprosessen. Tidleg i januar vart kommunen kontakta av Nomil om at det vart gjort ein feil med satsane, og administrasjonen vurderer det slik at kommunestyret må gjere eit nytt vedtak for å rette opp denne feilen. Intensjonen frå styret i Nomil var heile tida 5% auke, men i oversendinga var satsane feil utrekna.

Tabellen under viser kva satsar som vart vedtekne og kva satsar som er rette.

	Retta satsar:	Feil vedteke satsar:
Standardabonnement	4 837 kr	4 734 kr
Standard med frådag - einsleg	3 950 kr	3 848 kr
Fråtrekk for kompost, standard	1 213 kr	1 213 kr
Fråtrekk for kompost, einpersonshushald	843 kr	842 kr
Rabatt for deling	887 kr	888 kr
Rabatt for einsleg	887 kr	888 kr
Fritidsabonnement		
kategori 1 - høg sats	2 418 kr	2 367 kr
Kategori 2 - middels sats	1 415 kr	1 420 kr
Kategori 3 - låg sats	484 kr	473 kr
Restavfallsbeholdar 140 l	1 598 kr	1 565 kr
Restavfallsbeholdar 240 l	2 195 kr	2 149 kr
Restavfallsbeholdar 660 l	4 705 kr	4 605 kr
Restavfallsbeholdar 1000 l	7 475 kr	7 315 kr
Returpapirholdar 140 l	1 229 kr	1 203 kr
Returpapirholdar 240 l	1 558 kr	1 525 kr
Returpapirholdar 660 l	2 956 kr	2 894 kr
Returpapirholdar 1000 l	4 480 kr	4 385 kr
Våtorganisk avfallsbeholdar 140 l	2 010 kr	1 970 kr
Konteiner for glas og metall 140 l	104 kr	102 kr
Kjøp av enkeltsekk	129 kr	127 kr
Pris rull a 10 sekkar	1 120 kr	1 096 kr
Inn- og utlevering av dunkar - endringar:		
Pris pr.beholdar (140 liter og 240 liter)	377 kr	369 kr
Pris pr. beholdar (660 liter og 1000 liter)	568 kr	556 kr

Vurderingar:

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtar dei nye satsane i tråd med styret i Nomil sitt framlegg.

Økonomiske konsekvensar:

Dei nye satsane legg opp til ei auke på 5% på renovasjonsgebyret.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»


Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 012/24 Vedtak:

Gebyrsatsar renovasjon for år 2024 blir vedtatt i tråd med Nomil styre sitt framlegg, dvs 5% auke. Gebyrregulativ blir oppdatert i tråd med dette.



Saksnr.	Utval	Møtedato
006/24	Formannskapet	16.01.2024
013/24	Formannskapet	01.02.2024

Utlysing av ny konkurranse for hovedbrannstasjon i Florø

FORM- 013/24 Vedtak:

Kommunedirektøren startar arbeidet med å førebu ny konkurranse på Brannstasjon i Florø for å unngå ytterlegare forsinking.
Kommunen svarer på Consto sin klage.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren skal gjennomføre ein prosess, som fører fram til realisering av ny brannstasjon som er så rask som fagleg forsvarleg. Inntil endeleg avgjerd om val om realisering av brannstasjon skal det arbeidast parallelt med følgjande alternativ:

- Gjer klart for ny utlysing på Kringleskjæret. Før prosjektet blir lyst ut på ny blir det gjennomført ein god brukarmedverknad. Dette inneberer teikning og prosjektering av prosjektet, før det blir lyst ut.
- Greie ut eit alternativ for bygging av brannstasjon på Evja. (Hamregata 17). I dette alternativet skal ombygging av eksisterande bygg på eigedommen vurderast. Dersom dette alternativet blir vald, skal det gjennomført ein god brukarmedverknad. Dette inneberer teikning og prosjektering av prosjektet, før det blir lyst ut.

Den 05.03.24 skal Kommunedirektøren leggje fram ei sak til formannskapet om val av realisering av brannstasjon i Florø.

Bakgrunn for saka:

I klagebehandlinga for tildeling av totalentreprisekontrakten for bygginga av ny hovedbrannstasjon i Florø, konkluderte KOFA med følgande.

*Kinn kommune har ikke brutt anskaffelsesregelverket ved å avvise Åsen & Øvrelid AS.
Kinn kommune har brutt anskaffelsesregelverket ved ikke å avvise Consto SFJ AS.*

Kommunedirektøren har etter avgjersla vart motteken den 20.11.23, gjennomført ei juridisk vurdering av denne konklusjonen. Som fylje av denne vurderinga har ein valt å ta konklusjonen frå KOFA til etterretning.

Som naturleg fylje av dette, lyt ein å gjennomføre ein ny konkurranse for å kunne


gjennomføre prosjektet.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren har ikkje endra oppfatninga i vurderinga om at Kringleskjæret er ein god plassering for ein ny hovudbrannstasjon i Florø. Det er mange argument som talar for at Kringleskjæret bør og skal være det foretrukne valet.

Grunna avlysinga av konkurransen, opnar dette likevel for å gjære ei ny overordna vurdering i prosjektet. Den krevjande kommunale økonomien og behovet for å redusere låneopptaket gjer at Kommunedirektøren ser det som si oppgåve å gjere ei vurdering av eit alternativ, før oppstart av byggeprosjektet. Denne vurderinga skal gjennomførast utan at dette påverkar eller gjer forseinking av prosessen med å klargjere Kringleskjæralternativet. Kommunedirektøren legg til grunn at det er Kringleskjæret som vil være «hovudsporet», men at han gjennom vedtak i denne saka får anledning til greie ut eit, om mogeleg samla sett, betre alternativ. Evt. redusert investeringskost vil vere ein viktig del av ei slik vurdering. Kommunedirektøren vil levere denne vurderinga til formannskapsmøtet den 05.03.24.

Det alternativet ein ynskjer å greie ut er Hamregata 17, på industriområdet Evja. Kommunedirektøren har innleiingsvis vore i dialog med eigar (Ullaland Bygg og Næringsutleige As) om mogeleg kjøp av eigdommen. For så å realisere brannstasjonen i kommunal regi. Det er altså ikkje snakk om eit leigeforhold eller tilsvarande. Grunna denne dialogen ynskjer ein å greie ut dette alternativet og få vurdert om det vil være tenneleg å realisere prosjektet på denne tomta.




På tomta, som er ferdig opparbeida, er det i dag eit bygg som med god margin stettar arealbehovet for ein ny hovudbrannstasjon i Florø. Det same gjer arealet på tomta. I ein overordna vurdering kan ein, ved å flytte hovudbrannstasjonen hit, mogelegvis utløyse følgjande positive potensiale.

1. Mogeleg reduksjon av investeringskostnad
2. Mogeleg reduksjon av byggetid
3. Mogeleg seinare samlokalisering med kommunens egne tekniske tenester

4. Ved å etablere stasjonen i eit eksisterande bygg vil uansett klimaavtrykket bli betre enn ved bygging av eit nytt bygg.
5. Frigjerung av sentrumsnært næringsareal / utviklingsareal på Kringleskjæret og evt. på Evja, kor teknisk sektor/uteseksjonen er lokalisert i dag.

Tomta ligg i kommunedelplan for sentrum (sentrumsplanen) inne som areal for næring. Tomta ligg også innanfor den avgrensinga som ein brannstasjon må ligge innanfor grunna responstid. Sjå markering i kart under.



I tråd med [KOST- 029/21 Vedtak: Prosjektutval \(25.03.2021\)](#), skal ei slik endring i prosjektet som no er foreslått, behandlast i prosjektutvalet (no Formannskapet). Prosjektutvalet har som fylje av dette vedtaket fylgjande mandat og oppgåver:

- a. *Utvalet skal arbeide med prosjekt med ei investeringsramme på over kr. 10 millionar og andre prosjekt av prinsipiell karakter. Kurante VAR prosjekt over 10 mil. leggast i utgangspunktet ikkje fram for komiteen. Utvalet kan velje å også arbeide tilsvarande med mindre prosjekt dersom utvalet ønskjer det.*
- b. *Utvalet skal kome tidleg inn i prosjekta slik at det blir lagt politiske føringar for prosjektet i ein innleiande fase. Herunder godkjenne prosjektplan for prosjektet.*
- c. *Utvalet skal godkjenne overordna prinsipp og føringar for innhald i anbudsgrunnlag. T.d. prinsipp for løysingar, skisseprosjekt, miljøstandarar, mm.*
- d. *Utvalet skal haldast jamleg orientert om framdrift og innhald i prosjekta, etter nærare avgjerd av utvalet sjølv.*
- e. *Utvalet skal tilrå overfor formannskapet endring i ramme og økonomi i prosjektet. Herunder tilrå tertialrapportar overfor formannskapet.*
- f. *Utvalet skal motta rapport på alle aktuelle prosjekt til kvart møte.*
- g. *Ved behov skal utvalet vere politisk «dialogorgan» om aktuelle prosjekt overfor kommunedirektøren.*

Vurderingar:

For den alternative plasseringa i Hamregata 17, legg sentrumsplanen opp til at det skal vere næring/industri innanfor dette området. I kva grad ein brannstasjon støtter dette føremålet må vere ein del av den vurderinga som no evt. skal gjerast. Dette inneberer at ein må avklare korleis området skal handterast i forhold til plan og bygningslova. Det må det også gjennomførast ei vurdering av trafikk og tilkomstforhold. Administrasjonen har føreteke ei førebels vurdering av desse forholda og kome til at det ikkje er forhold som seier at dette ikkje er mogleg. Eit viktig moment her, er at evt. tap av næringsareal på i Hamregata 17 vil bli erstatta på kringleskjæret og evt. på Evja. Uansett må det på plass formelle vedtak etter reglane i plan og bygningslova, før ein kan slå dette 100% fast. Dette må gjerast i perioden fram til saka blir lagt fram for formannskapet på nytt.

Det er viktig for Kommunedirektøren å gjere oppmerksom på at tilsette og tilsettrepresent er bekymra for at ein ynskjer å gjennomføre for ein to-spor prosess, før endeleg lokalisering blir vald. Det er først og fremst grunna i ei frykt for at ein slik prosess kan medføre ytterlegare utsetting av ei realisering av brannstasjonen i Florø. Vidare er det eit klart ynskje at brannstasjonen blir lokalisert på Kringleskjæret hjå dei tilsette. Kommunedirektøren har forståing for desse innvendingane, basert på den historia denne saka så langt har hatt. Kommunedirektøren meiner likevel det er riktig å gjennomføre ein parallell prosess, slik det kjem fram i denne saka. Dette grunna dei moglege oppsidene ei lokalisering i Hamregata kan medføre.

Føljande overordna tentative framdriftsplanar vert lagt til grunn pt.

Kringleskjæret												
Måned -->	2024											
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12
1. Engasjere arkitekt												
2. Engasjere fagrådgivere												
3. Lage og utføre riveentreprise												
4. Samspill ark/rådgiver/byggherre												
5. Utarbeide kontraktsdokumenter												
6. Gjennomføre konkurranse												
7. Innstille entreprenør												
8. Gjennomføre byggeprosjekt												
9. Ferdigstilling/innflytting												

Hamregata 17												
Måned -->	2024											
	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12
1. Engasjere arkitekt												
2. Engasjere fagrådgivere												
3. Kjøp av bygg og tomt												
4. Samspill ark/rådgiver/byggherre												
5. Utarbeide kontraktsdokumenter												
6. Gjennomføre konkurranse												
7. Innstille entreprenør												
8. Gjennomføre byggeprosjekt												
9. Ferdigstilling/innflytting												

Forklaring	
Hel måned	
Halv måned	
Ferie	

Erferinga frå konkurranse som vart gjennomført som ei totalentreprise, er at ein fekk fleire utfordringar som vart krevjande å ivareta. Hovudtrekka i desse har ein opplevd er som følgjande:

1. Tilbydarane klarte ikkje å svare ut krava og avgrensingane som vart sett i konkurransen. Dette kompliserte evalueringa og etter KOFA sin konklusjon, skulle begge tilbydarane sine tilbod våre avviste under evalueringa.
2. Tilbydarane kjente ikkje godt nok til utfordringane rundt logistikkbehova/krava i utforminga stasjonen. Spesielt gjeld dette krava og logistikken knytt til skilje mellom rein og skitten sone.
3. Som fylje av krava stilt gjennomføring av ein konkurranse med totalentreprise, så vart det ikkje mogleg å ivareta kvalitativ og god brukarmedverknad i tilbydarane sine løysningsforslag. Brukarmedverknaden vart kunn mogeleg å gjennomføre i utarbeidinga av konkurransegrunnlaget.
4. Som fylje av at dette var ei totalentreprise, så hadde ein heller ikkje mogelegheit til å direkte «rette på» tilboda, slik at desse vart i tråd med den ein operasjonelt meinte ville være ein betre utforming. Det same gjaldt også plasseringa av bygningane på tomta. Det er nok ikkje til å underslå at ein oppfattar at stasjonens eigne tilsette, saman med prosjektleinga og konsulent hadde yngst at ein kunne påverka utforminga av stasjonen, i langt større grad

enn totalentrepriseforma har gjeve rom for.

5. Ingen av tilbyderane klarte å levere LCC vurderingar i tråd med kravet. LCC er ei berekning av levetidskostnadane. I LCC vurderingane, så ivaretek ein også drift og vedlikehaldskostnadane. Dette fordi eit «billig» bygg kan gje store drift og levetidskostnader, som gjer bygget vert ei mykje dyrare løysning over kort eller lang tid.

Ein ytterlegare faktor for å gjere endring entreprisformatet, er at ein etter 01.01.24 har fått eit ytterlegare krav om at ein prosjektet no skal vektlegge klima, miljø og berekraft med minimum 30% vekt i evalueringa av tilboda. Dette kravet vil komplisere evaluering av prosjektet ytterlegare og svekke mogelegheita for å vektlegge funksjonalitet og pris.

Kommunedirektøren vil gjennomføre prosjektet med meir oppdelte og beskrivne entreprisar. Dette fordi ein ser at det er formålstenleg med meir byggherrestyrt gjennomføring og dermed færre tildelingskriteriar og evalueringskriteriar. Gjennom dette sikrar ein seg ein betre prosess opp i mot brukar, økonomi og samfunnsoppdraget ein slik stasjon skal være.


Ein fjernar risiko i tildeling pga meir detaljert anbudsgrunnlag og mindre usikkerheit knytt tekniske løysningar og kvalitetar.

Overordna aktivitetsoversikt til framdriftsplan for Kringleskjæret er:

1. Starte med riveentreprise.
2. Gjennomføre arkitekt og rådgjevingskonkurranse
3. Utarbeide utfyllingsentreprise opp til cote 2,5. Resterande grunnarbeid leggst inn i byggentreprise.
4. Gjennomføre utlysning av entreprisar. (bygg/grunn, elektro, vvs, automasjon)
5. Tildele utfyllings entreprise, slik at ein kan starte fylling i mai.
6. Tildele andre entreprisar slik at dei kan starte etter utfylling.

Som fylje av arbeidet som allereie er utført i prosjektet vil re-start nå verte på milepålen M-2.

Prinsipp for gjennomføringsmodell



Økonomiske konsekvensar:

Arbeidet blir gjennomført innanfor vedteken økonomisk ramme for prosjektet. Gjennomføring ein parallell prosess fram til endeleg val av alternativ er vurdert til å koste mellom 300 000 – 400 000 kr. Ei mogleg økonomisk oppsida av ved val av Hamregata,

vil vere med å redusere kommunen sitt låneopptak i høve til det som ligg inne i gjelande økonomiplan.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Ikkje aktuell

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Fellesframlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Kommunedirektøren startar arbeidet med å førebu ny konkurranse på Brannstasjon i Florø for å unngå ytterlegare forsinking.
Kommunen svarer på Consto sin klage

Ordførar bad om at møtet vart lukka med heimel i off. lov §23. Formannskapet gav si tilslutning til lukking av møte for å bli orientert om dei juridiske føresetnadane.

Røysting:

Fellesframlegg frå formannskapet samrøystes vedtatt.

FORM- 013/24 Vedtak:

Kommunedirektøren startar arbeidet med å førebu ny konkurranse på Brannstasjon i Florø for å unngå ytterlegare forsinking.
Kommunen svarer på Consto sin klage.


Behandling i Formannskapet 16.01.2024:

Røysting:

Formannskapet vedtok samrøystes å utsette saka.

FORM- 006/24 Vedtak:

Saka utsett.



Saksnr.	Utval	Møtedato
014/24	Formannskapet	01.02.2024

Innspel til Mobilitet Sunnfjordregionen - innspel frå Kinn kommune

FORM- 014/24 Vedtak:

Kinn kommune er svært positive til at det blir utarbeidd ein strategi for mobilitet i Sunnfjordregionen, og har følgjande innspel til arbeidet:

- Kommunen er positiv til det nye rutekonseptet for bybuss i Florø, og meiner det vil gje eit betre og meir oversiktleg tilbod. Det er viktig at bybussen korresponderer med hurtigbåtane, både lokale og regionale, særleg når det gjeld reiser til og frå Florø lufthamn. Opningstidene bør ikkje avgrensast. Det er viktig med god informasjon når nytt rutekonsept trer i kraft. Sanntidsinformasjon om rutene bør vere tilgjengeleg på skjermar eller i app.
- Bussrutene mellom Florø og Førde er viktige for pendling i regionen. Det er positivt at sonepris har gitt rimelegare reiser. Det må vere eit busstilbod også på kveldstid mellom kl. 21 og 23, noko særleg Ungdommens kommunestyre er opptekne av. I helgane bør det vere fleire avgangar, særleg laurdagane.
- Vi ber om at det blir vurdert å køyre skulerutene alle kvardagar og i skuleferiar, i tillegg til skuledagane. Dette vil gje område som kun har skuleskyss som busstilbod eit vesentleg betre tilbod heile året.
- Trygt heim-tilbodet i Florø bør vidareutviklast til å bli ei digital ordning med bestilling via app og gjerne med fleksible tidspunkt.
- Florø bør også vurderast som aktuell for fleire ordningar med digital fleksibel bestillingstransport. Det er viktig at serviceskyssordninga held fram og blir vidareutvikla i samarbeid med kommunen slik at ein kan samordne rutene med kommunale tiltak.
- Florø kulturhus eignar seg godt som mobilitetspunkt på grunn av sentral plassering og lokalisering av aktivitetar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune er svært positive til at det blir utarbeidd ein strategi for mobilitet i Sunnfjordregionen, og har følgjande innspel til arbeidet:

- Kommunen er positiv til det nye rutekonseptet for bybuss i Florø, og meiner det vil gje eit betre og meir oversiktleg tilbod. Det er viktig at bybussen korresponderer med hurtigbåtane, både lokale og regionale, særleg når det gjeld reiser til og frå Florø lufthamn. Opningstidene bør ikkje avgrensast. Det er viktig med god informasjon når nytt rutekonsept trer i kraft. Sanntidsinformasjon om rutene bør vere tilgjengeleg på skjermar eller i app.
- Bussrutene mellom Florø og Førde er viktige for pendling i regionen. Det er positivt at sonepris har gitt rimelegare reiser. Det må vere eit busstilbod også på kveldstid mellom kl. 21 og 23, noko særleg Ungdommens kommunestyre er

- opptekne av. I helgane bør det vere fleire avgangar, særleg laurdagane.
- Vi ber om at det blir vurdert å køyre skulerutene alle kvardagar og i skuleferiar, i tillegg til skuledagane. Dette vil gje område som kun har skuleskyss som busstilbod eit vesentleg betre tilbod heile året.
- Trygt heim-tilbodet i Florø bør vidareutviklast til å bli ei digital ordning med bestilling via app og gjerne med fleksible tidspunkt.
- Florø bør også vurderast som aktuell for fleire ordningar med digital fleksibel bestillingstransport. Det er viktig at serviceskyssordninga held fram og blir vidareutvikla i samarbeid med kommunen slik at ein kan samordne rutene med kommunale tiltak.
- Florø kulturhus eignar seg godt som mobilitetspunkt på grunn av sentral plassering og lokalisering av aktivitetar.

Bakgrunn for saka:

Mobilitet Sunnfjordregionen er eit strategisk kunnskapsgrunnlag for utvikling av mobilitetstilbodet i Sunnfjordregionen i eit tiårs-perspektiv. Arbeidet vil danne grunnlag for vidare planlegging og realisering av tiltak gjennom årlege ruteendringar og budsjettprosessar i Skyss og Vestland fylkeskommune. Utover å gje grunnlag for utvikling av Skyss sine tenester, er det også ein intensjon at arbeidet skal nyttast av andre aktørar som ønsker å tilby nye mobilitetstenester i eit mest mogleg samordna mobilitetssystem. Dette kan vere kommunar eller kommersielle aktørar, gjerne i ulike samarbeid med Skyss.

Sunnfjordregionen er i dette arbeidet definert som området med ein times køyretid til Førde, primært kommunane Sunnfjord, Kinn, Askvoll, Høyanger, Fjaler og Gloppen. Det vil seie Florø delen av Kinn kommune er definert som del av arbeidet.

Kinn kommune har tidlegare deltatt i eit par innspelsmøte i arbeidet med mobilitetsplan.

Arbeidet med mobilitetsplanen omfattar:

- Generell innsikt og kunnskap om regionen med relevans for mobilitet og kollektiv
- Vurderingar av marknadsgrunnlaget for mobilitetstilbodet
- Framlegg til nytt bybusstilbod i Førde og Florø
- Framlegg til styrking av det regionale busstilbodet
- Framlegg til aktuelle område for fleksibel bestillingstransport
- Framlegg til lokasjonar for mobilitetspunkt og delemobilitet
- Behov for kollektivinfrastruktur

Realisering av aktuelle tiltak vil skje gjennom årlege ruteendringar og budsjettprosessar i Skyss og Vestland fylkeskommune, og i dialog med kommunar og andre aktørar.

Kommunane har fått moglegheit til å gje innspel til arbeidet, med frist 16. februar 2024.

Saksopplysningar:

Strategi for berekraftig mobilitet i Vestland (2022-2033) gir det strategiske grunnlaget for arbeidet med mobilitet i Sunnfjordregionen. Her ligg det at reisande skal kunne kombinere fleire former for mobilitet, og mobilitetssystemet skal opplevast saumlaust for dei reisande. Kollektivtransporten skal vere ryggrada i det berekraftige mobilitetssystemet. Skyss skal vidareutvikle kollektivtilbodet der etterspurnaden er stor og der flest reiser. Bestillingstransport kan inngå som del av tilbodet i område med låg etterspurnad.

Å utvikle eit godt kollektivtilbod i distrikta kan vere utfordrande, då utbygginga gjerne er spreidd. Dette gjeld også i Kinn.

Skuleskyss er det einaste transportoppdraget i Skyss som er lovpålagt. Det er normalt gunstig å la skuleelevar reise med ordinære linjer. Dette er kostnadssparande, og kan styrke grunnlaget for å gje eit tilbod som kjem alle reisande til gode. I Kinn er det fleire område som har skuleskyssen som einaste kollektivtilbod, og som dermed mistar tilbodet i skuleferiar.

Skyss vil vere ein pådrivar for å utforske og utvikle andre mobilitetstenester som delingsmobilitet, herunder samkøyring.

Autonomi er den teknologien som er venta å endre måten ein reiser på i framtida. Førarlaus bilar vil kunne verte eit attraktivt tilbod, også i distrikt med avgrensa kollektivtilbod.

Prognosane i kunnskapsgrunnlaget viser at det fram mot 2030 ikkje er venta særleg vekst i folketalet i Sunnfjordregionen. Det er forventta nedgang i alle kommunane unntatt Sunnfjord kommune. Når det gjeld arbeidsplassar, ligg 70 % av arbeidsplassane i kommunane Kinn og Sunnfjord, med Florø og Førde som tyngdepunkt.

Det blir gjennomført 18 700 pendlarreiser kvar dag i området. To av tre pendlarar reiser til anten Førde eller Florø. Fleirtalet reiser frå Florø til Førde. Florø har lågare innpendling enn Førde.

Førde og Florø står for over halvparten av kollektivreisene i området. Ein stor del av kollektivreisene er relativt korte, og det er relativt liten reiseaktivitet mellom dei ulike områda i regionen.

Av framtidig mobilitetstilbod er det peika på nytt rutekonsept for bybuss i Florø. Dagens tilbod er kompleks med mange ringstraséar og manglande tovegs tilbod. Eit nytt konsept tek utgangspunkt i at det er mogleg å få til eit tovegs busstilbod på Florelandet, og at tilbodet vert gjennomgåande i Florø sentrum. Med ein mogleg endehaldeplass på Florelandet, t.d. flyplassen eller Gunhildvågen, vil ein kunne oppnå eit gjennomgåande busstilbod i Florø sentrum utan bytte. Det er føreslått følgande linjestruktur:
To linjer: C og D.

Linje C:

Flyplassen - Gunhildvågen - Havreneset - Florø terminal - Kulturhuset
- Firdavegen - Nybøvegen - Jacob S.vegen - Fjord base.

Linje D:

Flyplassen - Kinnvegen - Kulturhuset - Evja - Botnaholten - Solheim - Brandsøy.

Linje C vil gje eit gjennomgåande tilbod i Florø sentrum som sikrar at ein kan reise på kortare tid frå Havreneset til sentrum og Evja, utan omvegen om Florelandet og flyplassen. Med forbindelse frå Florø lufthamn til Fjord Base er ein sikra eit offentleg tilbod som kan dekke arbeidsreisande og anna besøk til og frå industrien. Linje D dekker austsida av Florelandet frå flyplassen mot kulturhuset. Ein oppnår her tovegs drift forbi Evja og over Krokane. Dette skapar eit føreseieleg tilbod for dei reisande i begge retningar.

Bybusstilbodet bør i følgje kunnskapsgrunnlaget ha ein avgangsfrekvens kvart 30. minutt. Opningstida pr i dag er mellom 7 og 23, men Skyss vil vurdere ei meir avgrensa opningstid på kvardagane, for å kunne køyre oftare når dei fleste er ute og reiser. Denne løysinga krev nye haldeplassar og kan gje behov for traséendringar pga. tronge vegar.

Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i det regionale tilbodet mellom Førde og Florø, då dette tilbodet blir definert som godt. Låge prisar gjer strekninga konkurransedyktig mot bil.

Bestillingstransport: Strategiske vurderingar og endringar knytt til dagens serviceskyss- og Trygt heim-ruter er lagt til arbeidet med bussenbud for Sunnfjord 2026. Det finst eit Trygt heim-tilbod i Florø, som går til Eikefjord kl. 03.00 faste dagar og på bestilling til Nordfjord. I Kinn har ein fleire serviceskyssruter, der ein kan bestille skyss som går på faste linjer. Tilbodet er viktig, særleg for eldre, og er tilpassa kulturelt fritidstilbod i Florø og Eikefjord.

Høyanger og Sandane er peika ut som aktuelle område for digital fleksibel bestillingstransport.

Skyss foreslår å etablere *mobilitetspunkt*, som er definerte geografiske punkt der ein kan ta i bruk ulike transportmidlar eller mobilitetstenester. I Kinn er det føreslått mobilitetspunkt ved kulturhuset i Florø. Dette ligg tett på eit av dei mest brukte haldeplassane i Florø og det ordinære rutetilbodet. Her vil ein også kunne sjå føre seg at ein kan nytte mobilitetstener vidare inn i sentrumsområdet eller utover Florelandet.

Skyss vil i det vidare arbeidet gå i dialog med kommunar, vegeigarar og andre aktørar for å planleggje tiltaka som er føreslått.

Vurderingar:

Kinn kommune er svært positive til at det blir utarbeidd ein mobilitetsplan for Sunnfjordregionen. Kommunen har deltatt i eit par innleiande møte med Skyss.

Kommunen er stort sett einig i tiltaka som er føreslått, men har nokre innspel:

Bybuss i Florø:

Kommunen er positiv til det nye rutekonseptet, og meiner det vil gje eit betre og meir oversiktleg tilbod. Det er viktig at bybussen korresponderer med hurtigbåtane, både lokale og regionale ruter, på terminalen på Fugleskjærskaya, særleg når det gjeld reiser til og frå Florø lufthamn. Opningstidene bør ikkje avgrensast. Særleg har ungdom påpeika at det er viktig å ha gode ruter seint på kveld. Det er også viktig med god informasjon når nytt rutekonsept trer i kraft. Det bør vere mogleg å vite kvar bussen er til ei kvar tid, og det vil derfor vere nyttig å ha sanntids-informasjon på skjermar eller i app.

Skuleskyss:

I fleire område i Kinn kommune er skulebuss det einaste kollektivtilbodet. For å gje desse bygdene eit betre tilbod ber vi om at desse rutene skal gå også i skuleferiane. Dette er noko som også må spelast inn arbeidet med bussenbud for Sunnfjord 2026. I Nordfjord har Skyss opna for ei slik løysing i høve nytt bussenbud for Nordfjord frå 2025.

Regionale bussruter:

Bussrutene mellom Florø og Førde er viktige for pendling i regionen. Det er positivt at sonepris har gitt rimelegare reiser. Ungdommens kommunestyre har nyleg gitt innspel til betra kommunikasjonar. For ungdom er det viktig at prisane er låge, at det finst gode Trygt heim-ordningar, at det skal gå an å bestille transport, og at det bør gå fleire bussar på kvelden etter kl. 21. Pr. i dag går siste bussen frå Florø mot Eikefjord/Førde kvardagar kl. 20.40, laurdagar kl. 19.00 og søndagar kl. 22.00. I helgane påpeikar ungdomane at tilbodet er for dårleg, særleg laurdagane.

Bestillingstransport:

Trygt heim-tilbodet i Florø bør vidareutviklast til å bli ei digital ordning med bestilling via app og gjerne med fleksible tidspunkt. Kl. 03.00, som er gjeldande tidspunkt, kan vere veldig seint for enkelte.

Florø bør også vurderast som aktuell for fleire ordningar med digital fleksibel bestillingstransport. Det er viktig at serviceskyssordninga held fram og blir vidareutvikla i samarbeid med kommunen slik at ein kan samordne rutene med kommunale tiltak.

Mobilitetspunkt:

Florø kulturhus eignar seg godt som mobilitetspunkt på grunn av sentral plassering og lokalisering av aktivitetar.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.


FORM- 014/24 Vedtak:

Kinn kommune er svært positive til at det blir utarbeidd ein strategi for mobilitet i Sunnfjordregionen, og har følgjande innspel til arbeidet:

- Kommunen er positiv til det nye rutekonseptet for bybuss i Florø, og meiner det vil gje eit betre og meir oversiktleg tilbod. Det er viktig at bybussen korresponderer med hurtigbåtane, både lokale og regionale, særleg når det gjeld reiser til og frå Florø lufthamn. Opningstidene bør ikkje avgrensast. Det er viktig med god informasjon når nytt rutekonsept trer i kraft. Sanntidsinformasjon om rutene bør vere tilgjengeleg på skjermar eller i app.
- Bussrutene mellom Florø og Førde er viktige for pendling i regionen. Det er positivt at sonepris har gitt rimelegare reiser. Det må vere eit busstilbod også på kveldstid mellom kl. 21 og 23, noko særleg Ungdommens kommunestyre er opptekne av. I helgane bør det vere fleire avgangar, særleg laurdagane.
- Vi ber om at det blir vurdert å køyre skulerutene alle kvardagar og i skuleferiar, i tillegg til skuledagane. Dette vil gje område som kun har skuleskyss som busstilbod eit vesentleg betre tilbod heile året.
- Trygt heim-tilbodet i Florø bør vidareutviklast til å bli ei digital ordning med bestilling via app og gjerne med fleksible tidspunkt.
- Florø bør også vurderast som aktuell for fleire ordningar med digital fleksibel bestillingstransport. Det er viktig at serviceskyssordninga held fram og blir vidareutvikla i samarbeid med kommunen slik at ein kan samordne rutene med kommunale tiltak.
- Florø kulturhus eignar seg godt som mobilitetspunkt på grunn av sentral plassering og lokalisering av aktivitetar.

Vedlegg i saken:

Innspel til Mobilitet Sunnfjordregionen
Markedsanalyse Sunnfjord Rapport
Mobilitet Sunnfjord



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/24	Formannskapet	01.02.2024

Søknad om fritak frå eigedomsskatt for 2024 etter § 28

FORM- 015/24 Vedtak:

4 søkjarar fyller vilkåra for fritak for heile 2024, og får innvilga fritak for eigedomsskatt i 2024.

1 har bankinnskot/bruttoinntekt over beløpsgrensa og difor vert søknadene avslått.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

4 søkjarar fyller vilkåra for fritak for heile 2024.

1 har bankinnskot/bruttoinntekt over beløpsgrensa og difor vert søknadene avslått.

Bakgrunn for saka:

I kommunestyret 179/23, budsjettvedtak, pkt.10, ble det vedtatt: «Søknadsbasert fritaksordning for eigedomsskatt for låginntektskusstandar innført i 2023 vert vidareført i 2024-2027».

Det vart lage retningslinje for fritak for eigedomsskatt for låginntektskusstandar i bakgrunn av kommunestyrets vedtak i sak 183/22:

Med heimel i Eigedomsskattelova §28 kan bustadeigar, etter eigen søknad, innvilgast fritak for delar eller heile eigedomsskatten dersom eigar/husstanden sin samla brutto inntekt ved siste likning ikkje overstig 3G, kr 355 860. Heimelshavarar med beløp større enn 1G, kr 118 620 i kontant behaldning eller inneståande i bank omfattast ikkje av fritaksordninga. Eventuell leigeinntekt skal medrekast i inntekta. Eigar(ar) må sjølv bebu i hus/leilegheit det søkast fritak for då fritak etter §28 er personleg og ikkje følger skatteobjektet.Fritak gjeld ikkje fritids- eller sekundærbustad. Fritak kan berre innvilgast for eit kalenderår, men fritt søkast forlenga.

Saksopplysningar:

Kriteria for fritak frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 28 lydar: «Gjer særlege grunner at det kom til å verta sær surs urimelig om heile eiendomsskatten vart innkravd, kan skatten setjast ned eller ettergjevast av formannskapet.» Føresegna opnar opp for at utlikna skatt i visse tilfelle kan fråfallast, heilt eller delvis. Vilåret for nedsettelse eller ettergivelse er at innkrevjing av eigedomsskatt verkar sær surs urimeleg. Dette er eit strengt vilkår.

Retningslinjene vedteke av kommunestyret sier at den samla inntekta til kusstanden ikkje skal overstiga grunnbeløpet til folketrygda x 3. Som inntekt blir regna lønn,

pensjon, renter, aksjeutbytte og utleigeinntekter. Sosialhjelp, barnetrygd og barnebidrag blir ikkje vurdert. Dokumentasjon av inntekt er siste års skatteoppgjer og kopi av utleiekontrakt for dei som driv utleige.

Dersom det samla bankinnskottet til søkjar overstig 1 x grunnbeløpet blir det ikkje gitt fritak frå eigedomsskatt. Det er vidare eit krav om at søkjar må bu på eigedommen. Det blir ikkje gitt fritak frå eigedomsskatt på fritidsbustader og sekundærbustader. Ein søknad som i utgangspunktet fyller vilkåra, kan bli avslått dersom økonomien i søkjar er svekt for ein tidsavgrensa periode, som til dømes ved studiar eller etterutdanning.

Kvar enkelt søknad blir vurdert konkret. Fritaket er personleg og følgjer ikkje eigedommen. Endringar i arbeids- og inntektsforhold kan variera frå eit år til eit anna, og endring i sivilstatus kan gi husstanden auka eller lågare inntekter. Dessutan skal kommunestyret kvart år i samband med budsjettvedtaket vedta kva reglar kommunen nyttar om utskriving av eigedomsskatt, inklusive reglane for fritak etter §28. Fritaket kan derfor ikkje givast for meir enn eitt år av gongen

Vurderingar:

I total har kommunen mottatt 5 søknader:

- 4 søkjarar fyller vilkåra for fritak for hele 2024.
- 1 søkaren får avslag på sine søknader fordi søkjarar har bruttoinntekt over beløpsgrensen.

Økonomiske konsekvensar:

Inntektstapet ordninga med fritak frå eigedomsskatt etter §28 medfører for Kinn kommune for 2024 er hittil ca. 20 000 kroner.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Eigedomsskattelova § 28

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med presisering av første punkt, samrøystes vedtatt.


FORM- 015/24 Vedtak:

4 søkjarar fyller vilkåra for fritak for heile 2024, og får innvilga fritak for eigedomsskatt i 2024.

1 har bankinnskott/bruttoinntekt over beløpsgrensa og difor vert søknadene avslått.

Vedlegg i saken:

2024 - Oversikt over vurderinga av søknad om fritak etter §28



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/24	Kinn eldreråd	22.01.2024
005/24	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	22.01.2024
004/24	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	23.01.2024
016/24	Formannskapet	01.02.2024

Intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon

FORM- 016/24 Vedtak:

Kinn kommune inngår intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø. Formannskapet ynskjer at ungdomsrepresentant skal vere med i utarbeiding av intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.01.2024

Kinn kommune inngår intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 22.01.2024

- Kinn kommune inngår intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø.
- Kinn eldreråd ber om at det også blir avklara korleis nordre del av Kinn kan bli med i prosjektet.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 23.01.2024

Kinn kommune inngår intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø. HSO ynskjer at ungdomsrepresentant skal vere med i utarbeiding av intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune inngår intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø.

Bakgrunn for saka:

Kirkens Bymisjon ynskjer å etablere seg i Florø, og utvikle og etablere sosialfaglege tiltak i samarbeid med kommunen.

Arne Lynngård, som er leiar i Region Vest for samfunn og utvikling i Kirkens Bymisjon, har presentert arbeidet til Kirkens Bymisjon for leiargruppa i Kinn, samt på ein kommunedag for alle tenesteleiarar og tillitsvalte.

Saksopplysningar:

Kirkens Bymisjon er ein ideell organisasjon som jobbar blant dei som treng hjelp til å meistre livet i samfunnet. Organisasjonen har 1800 tilsette og 4500 frivillige og er etablert i 50 ulike byar og tettstadar.

Organisasjonen jobbar førebyggjande og har tilbod som kan redusere følgjene av rusbruk og utanforskap.

Det er ulikt kva tilbod som er etablert i dei ulike byane, mellom anna:

- Lågterskel jobbtillbod
- Gratis utlånssentral
- Hengeplass for ungdom
- Verkstad for reoperasjon av utstyr
- Home- Start Familiekontakt

Satsinga i Florø vil byggje på lokale behov og folkehelseanalyser, samt lokalkunnskap og erfaringar frå ulike lokale aktørar. Når ein vel satsingsområde vil ein også ta omsyn til allereie etablerte tiltak i byen.

Vurderingar:

Det vert satt ned ei prosjektgruppe der Arne Lynngård frå Kirkens Bymisjon er prosjektleiar. Gruppa vert satt saman av deltakarar frå KURS KF, oppvekst, helse og velferd, Kulturavdelinga og soknerådet.

I tillegg vert det oppretta ei referansegruppe med brei representasjon frå aktuelle tenester/avdelingar i kommunen. Prosjekteigar vert kommunalsjef for helse og Velferd.

Forprosjektet vert gjennomført vår 2024, med desse hovedaktivitetane:

- Gjennomføre ein workshop/idéverkstad i Florø med deltakarar frå til dømes NAV, rus/psykiatri, Barnevernet, helsestasjon, frivilligsentral, mottak og frivillige organisasjonar. Der skal ein mellom anna jobbe med:
 - Folkehelseprofil, kva behov og ressursar er i kommunen.
 - Drøfte moglege satsingsområde og tiltak.
 - Utarbeide ei skisse til satsing som partane er samde om å jobba vidare med i forprosjektet.
- Gjennomføre ein medverknadsprosess blant moglege/aktuelle brukarar av tilboda for å få innspel til aktuelle satsingsområde/tiltak.
- Arbeidsgruppa skal møtast fysisk og på teams for å:
 - beskrive bakgrunnen for ei sosialfagleg satsing
 - definere målgrupper o beskrive mål
 - beskrive tiltak
 - beskrive korleis satsinga vil bidra til å nå målsetjingar vedteke i kommunale planar
 - utarbeide overordna budsjett for drift 3-5 år
 - kartlegge finansieringsmoglegheiter

Prosjektgruppa skal legge fram ein sluttrapport med sine tilrådingar og forslag til samarbeidsavtale, og skal leggjast til grunn for ei eventuell vidare satsing og samarbeid.

Økonomiske konsekvensar:

Forprosjektet vert finansiert av midlar frå KURS KF, inntil kr.50 000,- som skal dekke utgifter til reise, kost, studietur osv.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Røysting:

Innstilling frå HSO samrøystes vedtatt.

FORM- 016/24 Vedtak:

Kinn kommune inngår intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø.
Formannskapet ynskjer at ungdomsrepresentant skal vere med i utarbeiding av intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 23.01.2024:

Ungdomsrepresentant i arbeidsgruppe, foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti
HSO ynskjer at ungdomsrepresentant skal vere med i utarbeiding av intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.
Tilleggsforslag om ungdomsrepresentant i arbeidsgruppe samrøystes vedtatt.

HSOUV- 004/24 Vedtak:

Kinn kommune inngår intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø.
HSO ynskjer at ungdomsrepresentant skal vere med i utarbeiding av intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon.

Behandling i Kinn eldreråd 22.01.2024:

Intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon, foreslått av Knut Roald,
Kinn eldreråd ber om at det også blir avklara korleis nordre del av Kinn kan bli med i prosjektet.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak saman med tilleggsforslag frå repr. Roald samrøystes vedtatt.

KIEL- 004/24 Vedtak:

- Kinn kommune inngår intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø.
- Kinn eldreråd ber om at det også blir avklara korleis nordre del av Kinn kan bli med i prosjektet.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 22.01.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak samrøystes vedtatt.


RMNF- 005/24 Vedtak:

Kinn kommune inngår intensjonsavtale med Kirkens Bymisjon om utvikling av sosialfaglege tiltak i Kinn kommune, med utgangspunkt i Florø.

Vedlegg i saken:

231020 intensjonsavtale kinn kommune

230828 presentasjon Kinn kommune



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 24/5730
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 25.01.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/24	Formannskapet	01.02.2024


Interpellasjonar

FORM- 017/24 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Røysting:
Ingen røysting.

FORM- 017/24 Vedtak:
Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
018/24	Formannskapet	01.02.2024
	Kommunestyret	

Eigedomsskatt fritakliste 2024 etter §7a

FORM- 018/24 Vedtak:

Fritakliste etter §7a for 2024 – Eigedommar som får automatisk fritatt frå eigedomsskatt for 2024 vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Fritakliste etter §7a for 2024 – Eigedommar som får automatisk fritatt frå eigedomsskatt for 2024 vert godkjent.

Bakgrunn for saka:

Retningslinje for reduksjon/fritak frå eigedomsskatt i Kinn kommune: Kommunestyret må vedta om fritakliste over tidlegare fritatt eigedommar vert fasthald til etterfølgjande skatteår eller om de ønskjer ny søknad om fritak frå eiger på visse eigedom.

Saksopplysningar:

Fritakliste etter §7a for 2024 er vedlagt. Det er 58 eigendom som kan få automatisk fritak i 2024 etter Eigedomsskattelova §7a.

Vurderingar:

Fritakliste etter §7a for 2024 – Eigedommar som får automatisk fritatt frå eigedomsskatt for 2024 vert godkjent.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Eigedomsskattelova §7.

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 018/24 Vedtak:

Fritakliste etter §7a for 2024 – Eigedommar som får automatisk fritatt frå eigedomsskatt for 2024 vert godkjent.

Vedlegg i saken:

Fritakliste etter §7a for 2024



Saksnr.	Utval	Møtedato
019/24	Formannskapet	01.02.2024
006/24	Kommunestyret	08.02.2024

Gjenopning av kjøkken i Måløy

FORM- 019/24 Vedtak:

1. Kommunestyret legg inn kr. 1 682 246 til gjenopning av kjøkkenet i Måløy til tenesteområdet Pleie og omsorg
2. Kommunestyret løyver til kjøp av tenester fra KF Bordgleder, 2.184.000,- utover opprinneleg budsjett for 2023 til tenesteområdet Pleie og omsorg
3. Løyving vert innarbeidd i samband med handsaming i 1. tertialrapport
4. Kjøkkenet vert i Måløy vert starta så snart som råd, og seinast 06.05.2024.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret legg inn kr. 1 682 246 til gjenopning av kjøkkenet i Måløy til tenesteområdet Pleie og omsorg
2. Kommunestyret løyver til kjøp av tenester fra KF Bordgleder, 2.184.000,- utover opprinneleg budsjett for 2023 til tenesteområdet Pleie og omsorg
3. Løyving vert innarbeidd i samband med handsaming i 1. tertialrapport
4. Kjøkkenet vert i Måløy vert starta så snart som råd, og seinast 06.05.2024.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i sak 179/23, Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2024-2027: «Kommunedirektøren bes gjennomføre gjenåpning av kommunalt kjøkken i Måløy, innen 1. Mars 2024. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med en sak i løpet av Januar 2024».

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i sak 075/23 at kjøkkenet i Måløy skulle gjenopnast gjennom at budsjett til matkjøp skulle delast med 40% på drift av kjøkken i Måløy og 60% til kjøp av tenester i Florø frå KF Bordgleder. Kommunestyret må ha basert sitt vedtak på ein feil som må rettast opp.

Budsjett for 2024 byggjer på kostnader til matproduksjon på 13,7 mill. Det er rett som det står i budsjett for 2023 til KF Bordgleder sitt budsjettframlegg at kommunen kjøper tenester for 18,8 mill. kr. Denne posten inneheld også «tørr mat». Denne andelen utgjør kring 5 mill. Frå 2024 er det avtalt at denne skal institusjonane sjølv ha ansvar for å kjøpe inn. Ordninga med at dei kjøper inn og distribuerer «tørrmat» har skapt ein del utfordringar med omsyn på logistikk og kostnader. Bordglede har hatt eit påslag for

desse tenestene. Tenestene har derfor i mange samanhengar funne rimelegare løysingar sjølv. Såleis er det ikkje mogeleg å dele 18,8 mill. kr. på 40%/60% på høvesvis Måløy kjøkken og Bordgleder.

I sak 145/23 vart det gjort greie for kostnader ved ulike alternativ for matproduksjon ved kjøkkenet i Måløy. Desse utgreiingane vart også sendt som Notat til Formannskapet 10.11.2023.

I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og handlingsprogram 2024-2027, er det ikkje funne dekning for dei kostnadane som gjenopning av kjøkkenet i Måløy fører til. Bordgleder, som må ta ned produksjonen med 123 porsjoner kvar dag, vil få reduksjon i inntektene, og skisserer også behov for å få tilført midlar.

Vurderingar:

Under er det satt opp kostnader ved dei to ulike alternativa for matproduksjon ved kjøkkenet i Måløy, med kok-server enten 5 eller 7 dagar i veka. Prisane er oppdatert til 2024 prisar.

	I dag (2024 prisar)	Årsverk	
		3	4,5
		Alt 1	Alt 2
		5 dagar i veka Kok/server	7 dagar i veka Kok/server
Kjøp fra Bordgleder	5 083 012	0	0
Løn		2 100 000	3 375 000
Råvarekostnader		2 220 000	3 241 200
Andre kostnader		500 000	500 000
Eksternt kjøp (helg og helligd)		1 945 258	0
Sum kostander	5 083 012	6 765 258	7 116 200
Behov for rammeauke	0	1 682 246	2 033 188

Føresetnader :	kr.
Løn pr. årsverk	700 000
Løn pr. årsverk inkl lør/søn og helligdag	750 000
Tal middagar (porsjonar pr. dag)	111
Tal produserte middagar (porsjonar pr. år) Alt 1	27 750
Tal produserte middagar (porsjonar pr. år) Alt 2	40 515
Eksternt kjøp, porsjonar pr år	12 765
Andre kostnader	500 000
Råvarekostnad pr produserte porsjon middag	80
Pris eksternt kjøp pr porsjon middag, oppdatert 08.01.24 H Halvorsen	152,39
Dagens pris 2024, indeksregulert 4,8 %	125,46

Kommentar «I dag»:

Denne viser kostnaden i dag, der middagar vert produsert og levert av Bordgleder. Det vert dagleg produsert/levert 111 porsjonar til Måløy, kvar til ein pris av 125,46 (2024 prisar), som gir dette reknestykket:
 $111 \text{ middagar} * \text{à} \text{ kr } 125,46 * 365 \text{ dagar i året} = 5\,083\,012,-$

Kommentar «Alt 1»:

I dette alternativet legg vi til grunn at kjøkkenet i Måløy produserar 111 porsjonar 5 dagar i veka (tilsvarar 250 dagar i året, 27 750 porsjonar pr år), og at middagar i samband med laurdag/søndag og helligdagar vert kjøpt frå ekstern leverandør (tilsvarar

115 dagar i året, 12 765 porsjonar pr år). Det er lagt til grunn at det er behov for 3 årsverk (inklusiv vikarar og sjukefråvær) til drift av dette alternativet. Løn pr årsverk vil i dette tilfellet være noko lågare enn løn pr årsverk i «Alt 2», då personalet ved kjøkkenet ikkje skal arbeide dagar som utløyser rett til ubekvemstillegg.

Samla gir dette alternativet ein årleg kostnad på kr 6 765 258,-, noko som er kr 1 682 246,- dyrare enn dagens løysing. I tillegg kjem transportkostnader av maten frå Florø til Måløy.

Kommentar «Alt 2»:

I dette alternativet legg vi til grunn at kjøkkenet i Måløy vert drifta 7 dagar i veka, og dermed produserar all middag sjølv. Det er lagt til grunn at det er behov for 4,5 årsverk (inklusiv vikarar og sjukefråvær) til drift av dette alternativet. Årsløna til personalet vert i tillegg noko høgare då dei skal arbeide på dagar som utløyser rett til ubekvemstillegg.

Samla gir dette alternativet ein årleg kostnad på kr 7 116 200, noko som er kr 2 254 400 dyrare enn dagens løysing.

Slik vil både «Alt 1» og «Alt 2» være dyrare enn dagens løysing, og medføre behov for rammeauke.

Tilleggsmoment:

Når Bordgleder ikkje lenger fullt ut skal levere til Måløy medfører ein prisauke for middagsleveransane i Florø- delen av kommunen.

Talmateriale produsert av Bordgleder tilseier ein kostnadsauke pr porsjon middag på kr 26,93 (ny pris pr porsjon 152,39 – opprinneleg 2024 pris 125,46)

Med ein årleg leveranse av middagar i Florø tilsvarande 58 194 porsjonar medfører det ein årleg kostnadsauke på kr 2 184.000,- . Dette kjem i tillegg til «Behov for rammeauke» som er berekna i alternativ 1 og 2 i tabellen øvst i dette dokumentet.

Framdriftsplan for gjenopning av kjøkken i Måløy

Før kjøkkenet i Måløy kan starte med produksjon av middag 5 dagar i uka er det en del som må på plass (j.fr vedlagt framdriftsplan). Det gjeld supplering av utstyr, ombygging av fryserom, tilsetting, opplæring og planlegging i saman med personale, bestilling av utstyr, varer m.m

Ein tilsettingsprosess vil minimum ta et par månader avhengig av vedkommandes noverande arbeidsforhold og avtale i høve oppseiingstid.

Administrasjonen har utarbeidd ei framdriftsplan som vi meiner er realistisk og som vil gje rom for ei god planlegging og opplæring/oppstart for dei tilsette. Det vil vere ein kritisk suksessfaktor for å lukkast at ein nyttar tid i starten til å etablere eit godt samarbeid mellom kjøkkenpersonale, tilsette på omsorgssenteret og dei som skal levere mat til dei som bur heime.

Hospitering på kjøkken som ein kan samanlikne seg med, grundig planlegging og brei involvering i høve utarbeiding og prøvesmaking av meny vil vere med på å danne ein god plattform for oppstart og vidare drift.

Det vil og vere viktig å sette av tid før oppstart til revidering av gamle/utarbeiding av nye prosedyre og rutine for å sikre god internkontroll i kjøkkenet.

Full drift i kjøkkenet 6.5.24 ser vi på som realistisk forutsett at dei som vert tilsett i stillingane har høve til å tiltre stillingane i april 2024.

jan.24	feb.24	mar.24	apr.24	mai.24
Planlegge stillingsstørrelser,ansvarsomfang, kompetansekrav,lærling/lærebedrift? m.m.	Intervju med søkjarar	Tilsetting	Dei tilsette starter 01.04.24	Oppstart drift kjøkken Måløy 06.05.24
Utforme stillingsannonse og lyse ut	Tilsetting		Opplæring: Gjennomføre elektroniske kurs for opplæring.(Imatis,Compilo,Brannkurs m.m.) Hospitering på andre institusjonskjøkken (t.d.Selje)Oppstartsmøte med næraste leiar.	
Bestille og kjøpe inn utstyr som mangler	Utsending tilbud om stilling.		Gjennomgang kvalitetssystem og internkontrollsystem.Klar gjerding av kjøkken,lager, garderobe m.m.Planlegge og utarbeide logistikk /rutinebeskrivingar for drift av kjøkken.Utarbeiding arbeidsplan(ansvars og arbeidsoppgåve) Compilo. Starte arbeidet med meny.	
			Bli kjent i kjøkkenet.Endeleg utarbeiding av menyforslag.Utarbeiding arbeidsliste(arbeidsoppgåve i.l.a. dag/veke)Teste ut meny sammen med smakspanel, som godkjenner.	

Økonomiske konsekvensar:

Alternativ 1, kok server x5, kjøp frå Bordgleder helg og høgtid: 1 682 246

Alternativ 2, kok server x7: 2 033 188

Bordgleder, konsekvens av tapt salg: 1 567 164

Samla økonomikonsekvens dersom ein går for alternativ 1: 3.866.246

Samla økonomikonsekvens dersom ein går for alternativ 2: 4 217 188

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Utsettelsesforslag fra Arbeiderpartiet, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti
Saka vert utsett til budsjettrevisjon i juni.

Nytt forslag fra Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

1. Kjøkkenet i Måløy vert gjenoppretta med kok/server 7 dager i veka
2. Utgangspunktet er at dette skal gjerast med dei løyvingane som vart vedteke i budsjettet i desember.

3. Dersom det syner seg det trengst ytterlege løyvingar vert dette å ta ved 1. tertialrapport.
4. Kjøkkenet skal vere opna seinast 1. april

Røysting:


Utsetjingsframlegg frå AP falt med 2 røyster frå AP.

Framlegg frå Raudt falt med 1 røyst frå Raudt.

Kommunedirektøren sitt framlegg vedtatt med 8 røyster (Sp, Sv, Frp, H og V). AP og Raudt stemde i mot.

FORM- 019/24 Vedtak:

1. Kommunestyret legg inn kr. 1 682 246 til gjenopning av kjøkkenet i Måløy til tenesteområdet Pleie og omsorg
2. Kommunestyret løyver til kjøp av tenester fra KF Bordgleder, 2.184.000,- utover opprinneleg budsjett for 2023 til tenesteområdet Pleie og omsorg
3. Løyving vert innarbeidd i samband med handsaming i 1. tertialrapport
4. Kjøkkenet vert i Måløy vert starta så snart som råd, og seinast 06.05.2024.



Saksnr.	Utval	Møtedato
020/24	Formannskapet	01.02.2024
	Kommunestyret	

Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a - Svanøy Stiftelse

FORM- 020/24 Vedtak:

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova §7a, frå Svanøy stiftelse (org.nr. 934806719), datert 09.10.2023, blir imøtekomen. Dette gjeld:

- Gbnr. 113/23
- Gbnr. 113/31

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova §7a, frå Svanøy stiftelse (org.nr. 934806719), datert 09.10.2023, blir imøtekomen. Dette gjeld:

- Gbnr. 113/23
- Gbnr. 113/31

Bakgrunn for saka:

Svanøy stiftelse har søkt om fritak frå eigedomsskatt for 2024 for eigedommane på gnr. 113 bnr. 23 og 31 i Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Det kan gjevast fritak for eigedomsskatt etter søknad for organisasjonar som driv ideel, frivillig og ikkje forretningsmessig verksemd.

Heimel for dette finn vi i §7a i Eigedomsskattelova:

«Eigedom åt stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten».

Svanøy stiftelse skrivar sjølv i sin søknad:

«Svanøy stiftelse kom til i 1972 med dette formålet: "Restaurere i samarbeid med Riksantikvaren hovedbygningen og andre bygninger av kulturhistoriskverdi på Svanøe Gård, gnr 117, bnr 1 på Svanøy, for å bevare dette kulturmiljø, samt å etablere på eiendommen et forsknings- og studiemiljø for forskere, fortrinnsvis innen zoologi, botanikk og næringsøkonomi for å søke og finne frem til metoder og muligheter for en bedre bevarelse og praktiskøkonomisk utnyttelse av kyststrøkene på Vestlandet så vel som i andre land, og særlig i utviklingsland. For å fremme disse formål skal stiftelsen

organisere og drive vitenskapelig forskning, studievirksomhet og praktiske mønsteranlegg for utnyttelse av jord-, skog-, dyre- og fiskerikdom samt andre naturherligheter."

Stiftinga arbeider aktivt med å skape aktivitet på Svanøy samtidig som vi skal ta vare på ein bygningsmasse. I bygningane på Kvalstad er det aktiviteten til Norsk Hjortesenter som er husa. Hjortesenteret er ei stifting som skal fremme kunnskap om hjortevilt og bidra til ei bærekraftigviltforvaltning. Senteret får støtte frå Landbruksdepartementet og Vestland fylkeskommune til dette arbeidet.

Svanøy stiftelse leiger ut bygningsmassen til Hjortesenteret. Inntektene er mindre enn utgiftene og Svanøy stiftelse må snart vurdere om eigendomen må avhendast eller at inntektene må aukast. Svanøy stiftelse er morstifting til både Hjortesenteret og Stiftinga Svanøy hus. Det er ingen i styret som er honorert for arbeidet, det er frå 01.07.2023 heller ikkje løna dagleg leiar i stiftinga.»

Vurderingar:

Svanøy stiftelse har eit ideelt formål og vert driven på frivillig basis, dvs. at styret ikkje mottek noko form for godtgjersler. Dei har i mange år fått private midlar til drift og vedlikehald, det offentlege har i liten grad delteke i spleiselaget.

Ein vurderer at Svanøy stiftelse er til gang for Kinn kommune.

Økonomiske konsekvensar:

Eigedomsskatten i 2024 for disse eigedommane er:

- Gbnr. 113/23: kr 5 994
- Gbnr. 113/31: kr 34 375

Ved evt. fritak av disse eigedomane vil eigedomsskatten reduserast med kr. 40 369 per år (med primillesats 5).

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Eigedomsskattelova § 7.

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 020/24 Vedtak:

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova §7a, frå Svanøy stiftelse (org.nr. 934806719), datert 09.10.2023, blir imøtekomen. Dette gjeld:

- Gbnr. 113/23
- Gbnr. 113/31

Vedlegg i saken:

Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7

Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7

Vedtekter Svanøy stiftelse.pdf

Årsregnskap_2022_Svanøy_Stiftelse.pdf

Firmaattest_231009_103503.pdf



Saksnr.	Utval	Møtedato
021/24	Formannskapet	01.02.2024
	Kommunestyret	

Søknad om fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a - Vestland fylkeskommune

FORM- 021/24 Vedtak:

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova § 7a, frå Vestland fylkeskommune, datert 18.04.2023, blir ikkje imøtekomen. Dette gjeld:

- Gbnr. 309/102, Måløy vidaregåande skule

Grunngjeving:

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eigedomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eigedomsskatt på næringseigedomar, vil fylkeskommunen sine eigedomar dermed vere skattepliktige. Fylkeskommunen er ikkje ein ideell organisasjon, og det er naturleg at dei betalar eigedomsskatt på lik linje med andre eigedomseigarar i kommunen. Vedtaket er gjort i samsvar med gjeldande retningslinjer for taksering og eigedomsskattelova § 7a.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova § 7a, frå Vestland fylkeskommune, datert 18.04.2023, blir ikkje imøtekomen. Dette gjeld:

- Gbnr. 309/102, Måløy vidaregåande skule

Grunngjeving:

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eigedomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eigedomsskatt på næringseigedomar, vil fylkeskommunen sine eigedomar dermed vere skattepliktige.

Fylkeskommunen er ikkje ein ideell organisasjon, og det er naturleg at dei betalar eigedomsskatt på lik linje med andre eigedomseigarar i kommunen.

Vedtaket er gjort i samsvar med gjeldande retningslinjer for taksering og eigedomsskattelova § 7a.

Bakgrunn for saka:

Vestland fylkeskommune har søkt fritak frå eigedomsskatt for 2023 og 2024 for

eigedomen på gbnr. 309/102 i Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Søknad om fritak for eigedomsskatt etter § 7 skal kvart år behandlast av kommunestyret.

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eigedomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eigedomsskatt på næringseigedomar, vil fylkeskommunen sine eigedomar dermed vere skattepliktige. Fylkeskommunale skular kan eventuelt fritakast av kommunestyret etter eigedomsskattelova § 7a, eigedomar åt institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.

Vurderingar:

Måløy vidaregåande skule, gbnr. 309/102 er eigd av Vestland Fylkeskommune.

Vestland Fylkeskommune hadde søkt om fritak i 2022 for fleire gbnr, bl.a. gbnr 309/102. I 2022 fekk Vestland Fylkeskommune avslag på sitt søknad med gitt vurdering: «Fylkeskommunen er ein stor eigedomseigar i Kinn kommune. Det er ikkje ein ideell organisasjon, og det er naturleg at dei betalar eigedomsskatt på lik linje med andre eigedomseigarar i kommunen. Difor vil eigedomsskattekontoret vil tilrå å seie nei til fritak for eigedomane deres.»

Vi vil vise til same vurdering også i denne søknaden og tilrå å seie nei til fritak for eigedommen på gbnr. 309/102.

Økonomiske konsekvensar:

Eigedomsskatten i 2023 og 2024 for gbnr 309/102 er kr. 114 790 per år.

Ved evt. fritak av disse eigedomane vil eigedomsskatten reduserast med kr. 114 790 per år (med primillesats 5).

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Eigedomsskattelova § 7.

Behandling i Formannskapet 01.02.2024:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 021/24 Vedtak:

Søknad om fritak for eigedomsskatt, etter eigedomsskattelova § 7a, frå Vestland fylkeskommune, datert 18.04.2023, blir ikkje imøtekomen. Dette gjeld:

- Gbnr. 309/102, Måløy vidaregåande skule

Grunngjeving:

Det er ikkje obligatorisk fritak for fylkeskommunale eigedomar, som t.d. skular. Når kommunen skriv ut eigedomsskatt på næringseigedomar, vil fylkeskommunen sine eigedomar dermed vere skattepliktige. Fylkeskommunen er ikkje ein ideell organisasjon, og det er naturleg at dei betalar eigedomsskatt på lik linje med andre eigedomseigarar i kommunen. Vedtaket er gjort i samsvar med gjeldande retningslinjer for taksering og eigedomsskattelova § 7a.

Vedlegg i saken:

Søknad om fritak fra eiendomsskatt